



Samnanger



Vaksdal



Os



Fusa




Austevoll



Tysnes

RUTINE FOR TILSYN MED BARNEHAGAR I MIDTHORDLAND KOMPETANSEREGION



Vedteke av Os kommunestyre 30. oktober 2018

Innhold

RUTINE FOR TILSYN MED BARNEHAGAR I MIDTHORDLAND KOMPETANSEREGION	0
1 Innleiing	2
2 Rettsleg grunnlag.....	2
3 Ulike verkemiddel.....	2
3.1 Godkjenning	2
3.2 Rettleiing	2
3.3 Tilsyn.....	3
4 Delegering av oppgåva som barnehagemynde	3
4.1 Deltakarar i eit tilsynsteam kan vere.....	3
4.2 Førebuing og oppfølging av planlagte tilsyn	3
5 Grunnlag for tilsyn – risikovurdering og bruk av skjønn.....	3
5.1 Risikovurdering.....	4
6 Risikovurdering om behov for tilsyn og/eller rettleiing:	5
7 Verkemiddel ved avdekking av ulovlege tilhøve	5
8 Gjennomføring av tilsyn	6
8.1 Varsling	6
8.2 Gjennomføring.....	6
8.3 Rapport og pålegg om retting av brot på regelverket.....	6
8.4 Oppfølging	7
9 Årsrapport for gjennomførte tilsyn	7
10 ReFlex	7
11 Dokumentliste	8

1 Innleiing

Rutine for tilsyn med barnehagar er kommunen som barnehagemynde sitt arbeidsdokument ved tilsyn i barnehagane, både kommunale og private. Rutina er eit samarbeid i Midthordland kompetansregion på området tilsyn i barnehagar.

Tilsynsrutina skal synleggjere på kva måte kommunen som barnehagemynde ivaretar oppgåva med rettleiing og tilsyn. Det skal gjerast tydeleg kva rolle kommunen har i gjennomføring av tilsynsoppgåvene.

Det overordna føremålet er å sikre at barn i barnehage får eit heilskapleg, forsvarleg og kvalitativt godt tilbod. Den ønska effekten av rettleiing og tilsyn til barnehagane er å sikre at barnehagelova med forskrifter vert etterlevd.

Rutinar og anna som er omtalt vil til ei kvar tid bli vurdert og revidert i tråd med dei reglar og retningslinjer som er gjeldande.

2 Rettsleg grunnlag

Rettsleg grunnlag følgjer av barnehagelova med tilhøyrande forskrifter.

3 Ulike verkemiddel

Av forarbeidet til Lov om barnehagar § 8 og 16 går det fram at: *kommunen skal godkjenne og gjennom aktiv veiledning og tilsyn påse at barnehagane i kommunen drives i tråd med de krav som settes i barnehageloven.»*

Kommunen som barnehagemynde har 3 ulike verkemiddel for å sjå til at reglane i barnehagane vert følgd:

- Barnehagemynde godkjenner barnehagane
- Barnehagemynde driv rettleiing av barnehagane
- Barnehagemynde fører tilsyn med barnehagane. Tilsyn kan vere skriftleg eller varsla og/eller ikkje varsla stadleg tilsyn.

Dette dokumentet viser oppgåvene kommunen som barnehagemynde har når det gjeld § 8 og 16 i barnehagelova.

3.1 Godkjenning

Barnehagar skal godkjennast av kommunen før verksemda kan setjast i gang, kommunen skal då sjå til at barnehagelova sine krav vert følgd opp og sikrar barn eit likeverdig pedagogisk tilbod. Oppgåva som gjeld godkjenning av barnehagane er ikkje teke med i dette dokumentet.

3.2 Rettleiing

Barnehagemynde har ansvar for å gi barnehageeigarane aktiv rettleiing, jf. barnehagelova § 8, første ledd.

Aktiv rettleiing er å informere om eigarpliktene slik at barnehagelova med tilhøyrande forskrifter vert følgt. Vidare er rettleiing eit verkemiddel for å førebygge uforsvarlege tilhøve og lovbrøt. Det skal vera mogleg for barnehageeigar å endre på tilhøve som kan føre til pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege tilhøve. Barnehagemyndene skal dokumentere at rettleiing er valt, kvifor det er valt og kva det er gitt rettleiing på.

3.3 Tilsyn

Tilsyn etter barnehagelova § 16 kontrollerer om barnehageeigar oppfyller pliktene sine som eigar.

- Tilsyn skal sikre at barnehagane vert drivne i samsvar med barnehagelova med forskrifter, og at barnehagane har ei forsvarleg drift. Det skal bidra til å sikre kvaliteten på barnehagetilbodet.
- Tilsyn vil kunne vere til hjelp for barnehageeigar i arbeidet med å kvalitetssikre og utvikle verksemda si.
- Barnehagelova § 8, femte ledd, gir kommunen rett til innsyn i dokumenter og tilgang til barnehagen sine lokaler når det er nødvendig for å ivareta oppgåvene til kommunen.

4 Delegering av oppgåva som barnehagemyndene

Rådmannen er delegert myndig gjennom kommunen sitt delegeringsreglement til å gjennomføra tilsyn med barnehagar.

Barnehagemyndene skal gjennomføra ei risikovurdering gjennom barnehageåret. Ved ei vurdering der kriterier for risiko er tilstade, har barnehagemyndene ansvar for å kalle inn tilsynsteam og gjennomføra tilsyn i samsvar med dette dokument.

4.1 Deltakarar i eit tilsynsteam kan vere

- Delegert barnehagemyndene frå eigen kommune
- Delegert barnehagemyndene frå samarbeidskommune
- Barnehagefagleg rådgjevar, eller andre relevante fagpersonar med barnehagefagleg kompetanse
- Juridisk rådgjevar
- Økonomisk rådgjevar (økonomisk tilsyn)

Tilsynsteamet står fritt til å henta inn annan kompetanse der det er vurdert som tenleg.

4.2 Førebuing og oppfølging av planlagte tilsyn

- Innleiing – Gjennomgå risikovurdering, utarbeide varsel om tilsyn, planlegge og førebu tilsyn
- Gjennomføring av tilsyn i den enkelte barnehage
- Avslutning – oppsummering og konklusjon om hovudfunn etter tilsyn. Vurdere og konkludere med kva verkemiddel som skal setjast i verk ved funn av ulovlege tilhøve
- Dersom ein mogeleg konsekvens kan vere førebels/varig stenging og/eller økonomiske sanksjonar overfor barnehageeigar, ligg endeleg avgjerd hos rådmannen

5 Grunnlag for tilsyn – risikovurdering og bruk av skjønn

Tilsyn med barnehagar skal sikre at følgjande er ivareteke:

- At barn sine behov for omsorg og allsidig utvikling vert teken ivare, jf. barnehagelova § 1 formålsparagrafen
- At barnehagen vert driven i samsvar med gjeldande lover og forskrifter i tillegg til øvrige nasjonale og lokale føringar, jf. barnehagelova § 7 første ledd
- At eigar av barnehagen er kjent med og medviten ansvaret for eiga barnehageverksemd, jf. barnehagelova med forskrifter.

Der barnehagelova gjer det mogleg for at meir enn ei løysing kan vere lovleg, er det opp til barnehagemynde ved bruk av skjønn å vurdere kva som er tilfredsstillande løysing. For å kunne utøve skjønn må følgjande ligge til grunn:

5.1 Risikovurdering

Kommunen som barnehagemynde må jamleg gjere ei vurdering av sannsynet for og konsekvensen av brot på barnehageeigar sine plikter i barnehagelova med forskrifter, både på bakgrunn av informasjon om korleis ein følgjer regelverket i den enkelte barnehage og samla for alle barnehagane.


- Barnehagemynde må ha oversikt over barnehageeigar sine plikter etter lova, jf. § 8.
- Barnehagemynde må ha oppdatert og rett lovforståing, jf. § 8.
- Barnehagemynde må ha kunnskap om korleis barnehageeigarane følgjer lova, jf. § 8.

Risikovurderingar skal ligge til grunn når barnehagemynde skal vurdere behovet for rettleiing og/eller tilsyn. Vidare må barnehagemynde føre tilsyn med barnehageeigar dersom det er nødvendig for å sjå til og sikre at regelverket vert følgt.

Barnehagemynde har ulike måtar å gjere risikovurderingar der barnehageeigar si etterleving av gjeldande regelverk, og behovet for rettleiing og/eller tilsyn vert etterspurt:

- Gjennomgang og undersøkingar av lovpålagt rapportering som årsplan, vedtekter, årsmelding og årsrekneskap
- Barnehagen si evne til å følgje opp kommunen sine vedtekne retningslinjer, rettleiing, rutinar og rapporteringar
- Varslingar og/eller bekymringsmeldingar om verksemda til barnehagen

6 Risikovurdering om behov for tilsyn og/eller rettleiing:



Varslingar og/eller bekymringsmeldingar skal alltid utløyse barnehagemynde si plikt til undersøkingar og innhenting av informasjon, med ei påfølgjande risikovurdering.

7 Verkemiddel ved avdekking av ulovlege tilhøve

Barnehagemynde skal i tilsyn vurdere og konkludere om barnehagelova vert oppfylt. Dersom det vert konkludert med brot på regelverket, kan barnehagemynde bruka følgjande verkemiddel:

- Tilby barnehageeigar rettleiing (§ 8: «Kommunen sitt ansvar»)
- Gjennomføre tilsyn med barnehageeigar (§ 16: «Tilsyn»)
- Gje pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege tilhøve (§ 16: «Tilsyn»)
- Pålegg og tidsavgrensa eller varig stenging dersom barnehageeigar ikkje held fristen for å rette pålegget, eller dersom tilhøvet/pålegget ikkje lar seg rette. Vedtak om stenging skal sendast til fylkesmannen til orientering (§ 16: «Tilsyn»)

- Ved brot på barnehagelova § 14a kan kommunen v/barnehagemynde bruke økonomiske reaksjonsmidlar overfor private barnehagar (§ 16: «Tilsyn»)
- Halde tilbake eller redusere tilskot i kommande terminar dersom krav etter § 14 a eller forskrift i medhold av § 14 a ikkje er oppfylt (§ 16 a: «Kommunens adgang til å anvende økonomiske reaksjonsmidler overfor ikkje-kommunale barnehager»)

8 Gjennomføring av tilsyn

Barnehagelova § 8, femte ledd, skriv om kommunen sin rett til innsyn i dokument og tilgang til barnehagen sine lokale når dette er nødvendig for å ivareta kommunen si oppgåve som barnehagemynde.

Følgjande vert lagt til grunn for gjennomføring av tilsyn:

8.1 Varsling

Tilsyn skal som hovudregel vere skriftleg varsla til barnehageeigar, med forslag til møtetidspunkt og forventa sakshandsamingstid for tilsynet. Kva deler av lova/reguleringar som skal undersøkjast, skal koma fram i varselet. I tillegg etterspør ein relevant dokumentasjon med frist for innsending.

Unntak frå varsling er når barnehagemynde har informasjon om og vurderer det som sannsynleg at ulovlege og/eller uforsvarlege tilhøve straks må undersøkjast for eventuelle krav om retting.

8.2 Gjennomføring

- Tilsyn vert gjennomført av den som vert oppnemnt som barnehagemynde for tilsyn
- Barnehagemynde gjennomgår dokumentasjon og opplysningar og vurderer om aktuelle reguleringar er oppfylt
- Tilsynsmøte vert gjennomført i barnehagen sine lokale med eigar eller eigar sin representant, barnehageleiar og andre med tilknytning til barnehagen og som vert vurdert som aktuelle med tanke på det som ligg til grunn for tilsynet. Dette kan vere tilsette og/eller foreldrerepresentantar.
 - Føremålet med tilsynsmøtet er å undersøke relevant dokumentasjon, informasjon og opplysningar for å vurdere om aktuelle reguleringar i lova er oppfylt

8.3 Rapport og pålegg om retting av brot på regelverket

Barnehagemynde sine vurderingar og konklusjonar kjem fram i ein eigen rapport til barnehageeigar, uavhengig av om det er avdekka brot på regelverket eller ikkje.

Dersom barnehagemynde konkluderer med at det er brot på regelverket, vert det sendt eit førehandsvarsel med pålegg om retting, eller tidsavgrensa/varig stenging. Ved tilsyn etter barnehagelova § 14a om bruk av tildelte offentlege midlar og foreldrebetaling kan førehandsvarselet omfatte barnehagemynde si vurdering av økonomisk reaksjon.

Førehandsvarselet skal gjera det mogleg for barnehageeigar til å uttale seg og ivareta interessene sine.

Dersom barnehagemynde gir pålegg om retting eller økonomisk reaksjon, skal dette gjerast i form av eit einskildvedtak, og skal dermed følge reglane i forvaltningslova kapittel 5 og 6.

Pålegg om retting eller vedtak om stenging skal innehalde:

- Reglane vedtaket bygger på
- Dei faktiske tilhøva vedtaket bygger på
- Dei hovudhensyn som har vore avgjerande ved utøving av forvaltningsmessig skjønn
- Klagetilgang
- Klagefrist
- Klageinstans
- Framgangsmåten ved klage
- Informasjon om retten til å sjå dokument i saka
- Informasjon om retten til å be om utsett iverksetting

8.4 Oppfølging

Barnehagemynde skal følge opp om brot på regelverk blir retta. Tilsynet vert ikkje avslutta før barnehageeigar har vist at brot på regelverket er retta. Dette skal gjerast skriftleg gjennom relevant dokumentasjon og ved eigenerklæring frå barnehageeigar.

Dersom barnehagemynde har valt å bruke rettleiing som verkemiddel for å rette opp brot på regelverket, er det ikkje same krav til skriftleggjering. Barnehagemynde må likevel visa at brot på regelverket blir følgt opp og korrigert av barnehageeigar.

9 Årsrapport for gjennomførte tilsyn

Barnehagemynde rapporterer årleg innan utgangen av 2. kvartal til politisk nivå. Denne rapporteringa kan vere ein del av kommunen si samla årlege rapportering.

- Talet på gjennomførte tilsyn
- Tilhøve som vart avdekket
- Verkemiddel som vart brukt – rettleiing eller pålegg
- Talet på opne/lukka tilsyn

Rapporteringa vert lagt til grunn for den vidare rettleiinga og oppfølginga av dei ulike barnehageeigarane i kommunen.

10 ReFlex

Kommunen som barnehagemynde skal gjennomføre eigenvurderinga (ReFlex) annakvart år (oddetallsår). ReFlex er eit nettbasert verktøy som gir barnehagar, barnehagemynde, offentlege skular og skuleeigarar hjelp til å vurdere om eigen praksis er i samsvar med barnehagelova/opplæringslova med tilhøyrande forskrifter.

ReFlex skal bidra til å vurdere om kommunen som barnehagemynde har rett lovforståing, og at forvaltningsoppgåva som barnehagemynde dermed er i samsvar med barnehagelova.

11 Dokumentliste

Vedlegg til «Rutine for tilsyn med barnehagar i Midhordland kompetanseregion»

1. Mal for varsel om tilsyn
2. Mal for eigenvurdering for barnehagane
3. Mal for tiltaksplan ved rettleiing
4. Mal for tilsynsrapport
5. Evaluering av tilsyn
6. Skjema for ROS-analyse (barnehagelova med forskrifter)